

# Referat frå årsmøtet i Judaberg Båtforening 21. juni 2021

( kraftig utsett p.g.a. Corona-epidemien )

1. Velkomst v/ formann Thor Egil Espeland.
2. Formannen blei vald til ordstyrar.
3. Rasmus Mjølunes vart vald til skripar.
4. Erling Bleie og Eivind Vestbø vart valde til å skriva under referatet frå årsmøtet.
5. Innkallinga vart samrøystes godkjent.
6. Dagsorden vart også godkjent.
7. Årsmeldinga frå styret (sjå vedlegg) vart samrøystes godkjent.
8. Rekneskapet vart også godkjent. Men det endelege oppsettet av rekneskapet var noko endra i forhold til det revisorane hadde fått førelagt. Sluttsummane var dei same, men i det endelege oppsette var det brukt meir samlepostar. Årsmøtet ynskte meir oppsplitting av utgiftspostane.
9. Status Fåholmen. Sjå årsmeldinga frå styret (vedlegg)
10. Status Judaberg. Sjå årsmeldinga frå styret (vedlegg)
11. Det vart vedtatt at alle kan bli medlemmer i Judaberg Båtforening, uavhengig av kor dei bur.
12. Mot ei røyst vart det vedtatt at ein krev inn kr 1000,- frå alle som har båtplass til delvis dekking av utgifter til asfaltering av båtforeninga sin del av veggen og parkeringsplassen mellom klubbhuset og båtopptrekksplassen.
13. Det blir ikkje gjort endringar i medlemskontingent og avgifter. Det blei bestemt at satsane som gjeld no også skal gjelda for 2022, i og med at det kan bli aktuelt å byrja innkreving av kontingent og avgifter før ein held årsmøte.
14. Det var ingen innkomne saker.

15. - Thor Egil Espeland vart attvald som formann.

- Reidar Roda vart attvald som styremedlem
- Thomas Nesheim vart vald som nytt styremedlem.
- Odd Asheim vart vald som 1. varamedlem til styret.
- Kjartan Ladstein vart attvald som 2.varamedlem til styret.
- Magne Kongsvik og Rasmus Mjølunes vart attvalde som revisorar.
- Valnemnd blir Eivind Vestbø (attval), Nils Petter Flesjå (attval) og Halvard Lauvsnes (ny)

16. Styret hadde sondert litt med tanke på å få til fleire båtplasser ute ved moloen og evt. i bukta utforbi båtopptrekket. Då krevst der i så fall fleire parkeringsplasser. Det kunne det vera aktuelt å få til på tomta til Falkeid Shipping. Årsmøtet var positive til at ein arbeidde vidare med desse planane.


Vidare oppfordra årsmøtet styret til arbeida for ei ordning slik at det blir mogeleg å stå eit kvarter for avlesing/pålesing når ein skal til/frå båtane i flytebyggene.

Så blei det reist spørsmål om kor lenge ein kan ha båtplass utan å bruka han. Ein fann ut at pr. i dag er dette 5 år. Det tykte årsmøtet var lenge, i og med at det er mange på venteliste for båtplass. Så dette bør takast opp som sak på neste årsmøte.



Det blei presisert at alle som har båt i havna må levera dokumentasjon på at båten er forsikra.

Og til slutt gjekk årsmøtet inn for å gi gåve til Ryfylke Friluftsråd med kr 50,- pr båtplass.

Rasmus Mjølunes



Ernst Bleie



Eivind Vestbø